

Kort om prosjektet:

"e d greitt?" er ein del av prosjektet «Kompetanseløft – vald og seksuelle overgrep», som er eit samarbeidsprosjekt mellom Kvinnherad og Ullensvang kommune. Prosjektet er finansiert gjennom midlar frå Statsforvaltaren i Vestland. Bakgrunnen for prosjektet er regjeringa sin opptrappingsplan mot vald og overgrep (Prop.12 2017-2021) og NOU 2017:12 – Svik og svikt – som viser at det er for lite kompetanse om vald og seksuelle overgrep i tenester som møter barn og unge. Det er difor behov for å auke kompetansen i kommunane for å kunne avdekke og stoppa vald og overgrep mot barn og unge.

Mange barn og unge får ikkje kunnskap om vald og overgrep, og mange veit ikkje at det dei opplev ikkje er greitt. Barn treng å vite kva som er lov og ikkje, kva vald og overgrep er, at ein kan seie i frå, og lære å setje grenser for eigen kropp. Det er i dag tilfeldig om barnehagar og skular underviser i teamet.

"e d greitt?" vil difor sikre at alle barnehagar og skular skal gje undervising, og sikre at barn og unge får kunnskap om vald og overgrep. Alle barn i kommunane får lik kunnskap til same tid. Prosjektet vil òg sikre at tilsette i barnehage og skule får meir kompetanse, blir trygge på å snakke med barn om desse tema, samtidig som dei får auke handlingskompetanse når dei får mistanke om eller barn fortel om vald og seksuelle overgrep.

"e d greitt?" blir eit førebyggjande arbeid på tvers i kommunen, og er eit samarbeid mellom barnehage, skule, helsestasjon og barnevern.

"e d greitt?" bør forankrast i leiinga og administrasjonen i kommunen, og vere eit forpliktande arbeid i kommunen.

I "e d greitt?" er det laga ein plan for korleis ein kan arbeida med temaet gjennom heile året, både for å auke kompetansen til tilsette og gje kunnskap til barn og unge. I innhaldet til "e d greitt?" finn ein årshjul, undervisingsopplegg, støtteark, litteratur osv.

Målet med "e d greitt?" er at det skal vera enkelt å bruke. Det vil bli oppdatert og tilpassa kvart år, etter tilbakemeldingar og evalueringar som blir gjort. På denne måten sikrar vi eit opplegg som er gjennomførbart, tilpassa alder og endringar i problemstillingar i samfunnet.